



Kwestan Jamal Bawan

Dato: 17.06.2014
Vår ref.: 2014/1217-79
Saksbehandlar: maraskv
Dykkar ref.:

Søknad om stønad til tiltak for born og unge (aktivitetsstønad)

Det vert vist til dykkar søknad om tilskot til tiltak for barn og unge.

Kultur- og ressursutvalet handsama søknaden på møte den 13.05.2014 Dykkar søknad vart diverre gitt avslag.

Grunngjeving:

For heile 2014 var det kr. 508.000 til fordeling. På dette møtet vart det fordelt kr. 332.000. Det var kome inn 50 søknader, med ein samla søkjesum på kr. 1 144 927.

Det kom inn mange gode søknader som fylte vilkåra for ordninga. Med avgrensa midlar har det vore naudsynt å prioritere mellom kvalifiserte søkjarar, slik at nokre fekk avslag eller vart tildelt delar av summen det vart søkt om. Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria fastsett i vedtekne retningslinjer.

For saksframlegg og vedtak, sjå Kultur- og ressursutvalet sitt vedtak i sak 59/14:

<http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Utvalgsbehandling/Details/1406>

For nærare grunngjeving: [Grunngjeving](#)

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over og årsaka til at det vert klaga. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Med vennleg helsing

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør for kultur og idrett

Ronny B. Skaar
seksjonsleiar/utviklingssjef

Sakshandsamarar: Tone Stedal Haugland/Marianne Ose Askvik

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.